

KRISTI KROSS MÅ LENGER FRAM!

Wagner 75-61.

Misjonssalme

Himlen spør: «Kven skal me senda?
Kven vil gå med bod for oss
og få syndarar å venda
om til Gud ved Kristi kross?
Sjølve vil me med dykk fylgja
over land og havsens bylgja
kring den heile vide jord.»
Det er himlens eigne ord.

Ein gong spurde heimsens Herre:
«Kven vil nord til Noreg gå?
Folket gjeng frå vondt til verre.
Ingi frelsvon dei sjå.
Born på offersteinen bløder.
Bror gjeng slave millom brøder.
Ingi sjel finn vegen heim.
Kven vil gå og hjelpa deim?»

Tenk, det var då dei som svara
på det høge himmel-ord,
sa seg viljuge å fara
til det heidne land i nord.
«Millom dei — på vegen tronge —
om vår fyrste kristne konge.
Men han fekk 'kje straumen vend.
Odin rådde gard og grend.

Men om «Gode Håkon» tapte
og med sorg i gravi gjekk,
Gud seg nye vitne skapte
som sitt rom i Noreg fekk.
Landet ljøsna litt omsider.
Sistpå kom dei store tider
då vårt folk i tru og von,
sjølv tok til og dreiv misjon.

Finst her nokon som kan mæla
den velsigning Gud oss gav?
Frelsa, fred og evig sæla
strålar gjennom død og grav.
Krossens bodskap må me bringa
til dei folk som enn er tvinga
under Satans avgrunnsnsmakt.
Himlen hev det på oss lagt.

Enno heimsens Herre kallar
til sitt vingardsarbeid ut.
Men vår arbeidsdag, han hallar.
Vonom fyrr han kan ta slutt.
Stå til Herrens gjerning reide!
«Bede, bede, og arbeide!»
Vika unna er ei skam.
Kristi kross må lenger fram.

Johs. M. L. Rydland.